

Reknes Byggevarer LL  
att: Beathe Nilsen

Selvåg  
5986 HOSTELAND

Dykkar ref.                      Sakshandsamar:  
Linda Folkestad

Vår ref.                              Telefon  
2013/1762 - 0 -                      56375170  
10970/2013

Arkivkode:                        Dato:  
102/4                                06.05.2013

## Førehandstilsegn - utvida bruk av eksisterande avkjørsle for 1 bustadeining, Gbnr.102/4.

Teknisk drift, VVA, syner til brev datert 30.04.2013 vedrørende søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg for 1 bustadeining, Gbnr.102/4.

Det vil frå Teknisk drift, VVA, sin side kunne påreknast løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg for ei ny bustadeining på Gbnr.102/4 under føresetnad om at dei tekniske krav til utforming av avkjørsle frå offentleg veg er oppfylgt.

Teknisk drift, VVA, vil gje førehandstilsegn for utvida bruk av eksisterande avkjørsle for 1 bustadeining på følgjande vilkår (standard krav):

- Dette er berre eit tilsegn og ikkje eit løyve. Avkjørsla skal være opparbeida/utbeta iht tekniske krav av tiltakshavar og godkjent av vegmynde innan 3 – tre år frå dags dato, elles fell tilsegn bort. Avkjørsla skal være opparbeida etter gjeldande regelverk og godkjent av vegmynde før ferdigattest/bruksløyve for bustad vert gjeve.
- Avkjørsla skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar dei tekniske krav til utforming som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om "alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentleg veg", Veglova §§ 40-43, samt vegnormal 017. Det vert blant anna stilt krav til utforming av avkjørsla, sikt, svingradius, drenering under avkjørsla, samt at ein kan snu på eigen grunn. Avkjørsla skal være utforma slik at overvatn ikkje vert leia ut i kommunevegen.
- Under avkjørsla skal det leggest ned dreneringsrør med ei diameter på minimum 200mm. Dreneringsrør skal leggest slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røret.
- Det skal være uhindra sikt langs kommunal veg på kvar side av avkjørsla. Siktsone vert sett til 4x50m. Siktsone skal være fri for sikthindringar.
- Svingradius skal være slik at ein kan svinge til både høgre og venstre i kommunevegen. Svingradius er sett til minimum 3m.
- Dersom avkjørsle er adkomst til garasje, forretning, driftsbygning eller regelmessig nyttast til bilkjøring (adkomst til bustad/fritidsbustad) skal det utanfor vegområdet innrettast snuplass slik at rygging inn/ut frå kommunal veg unngåast.
- Vilkår som nemnt ovanfor er utdrag frå gjeldande regelverk. Vegnormal 017 er tilgjengeleg på [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) mens Veglova §§40-43 og forskrift av 1964 (FOR-1964-07-16 nr. 3905) er tilgjengeleg på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no)



Det er §§ 40-43 i Veglova, forskrift av 1964, samt vegnormal 017 som gjev heimel for at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at førehandstilsegn berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Førehandstilsegn er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

*Vedtak om førehandstilsegn kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endingar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

*for*

---

Arne Eikefet  
einingsleiar teknisk drift

---

Linda Folkestad  
saksbehandlar teknisk drift

Kopi til:  
Einar Urheim  
Sveinung A. Håkonsen